


# FESTE

LANDSKAP · ARKITEKTUR



VINJE



**Vestfold og Telemark**  
FYLKESKOMMUNE

M ø s s t r o n d

MULIGHETSSTUDIE, LANDSKAP OG STADBUNDEN NÆRING  
VOLUMSTUDIE TANGEN  
REV. B, MARS 2023

**Tittel:**

Møsstrand - Mulighetsstudie

- Landskap og helsekap
- Volumstudie for ny arkitektur på Tangen

**Forfattere:**

Tone Teines, David Fjågesund,  
Stina Lindland Østevik og Sigurd Aanby

**Dato:**

31.01.2023

**Oppdragsgjøvar:**

Vinje kommune

**Kontaktpersonar:**

Kjell Christenson

**Prosjektoppsummering:**

Analyse av landskap og samanhengar. Landskapsplan med infrastruktur og forslag til tiltak. Grunnlag for søknadar for vidare utvikling av planar. Volumstudie for ny arkitektur på Tangen.

**Prosjektema:**

- Landskap og kulturhistorie
- Marginale jordbrukslandskap
- Fast buseiing
- Tilrettelegging for standbunden næringsutvikling
- Naturoppleving
- Verdensarv og formidling

**Framsiddellustrasjon:**

Foto frå Møsstrand (fotograf Tone Teines)

**Kvalitetssikring/prosjektleiing:**

Stina Lindland / Tone Teines

**Dato:**

Rev A\_21.02.2023

Rev B\_20.03.2023

**Kjelder:**

- Boka "Fjellbygdi ved Møsvatn" av Øystein Kostveit (2000)
- Hovudoppgåve ved Institutt for landskapsarkitektur: "Kulturlandskapet på Møsstrand - fortid - nåtid - framtid" av Håvard Nymoen (1992)
- Boka "Jernvinna på Møsstrand" av Irmelin Martens og Anna M. Rosencvist (1988)
- DNT si heimeside
- Nettside Visit Rauland
- Nettside Det er Telemark ved Bjørn Harry Schønhaug
- Avisa Varden
- Telemarksavisa
- Nettside Rjukan - Notodden industriarv og NIA
- Nettside Digitalt museum
- Facebooksida Fjellbygda Møsstrand - innsamling av historiske fotografi (Anne Dyrland)
- NRK-serien: "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu"

**Produsert av:**

Feste Landskap • Arkitektur  
Tordenskioldsgate 6, 3921 Porsgrunn

Tlf: + (47) 35 93 02 10


www.feste.no

sor@feste.no




## INNHALD


<b>Innleiing</b>		
Om oppdraget	s. 07	
Tema til utsjekk	s. 07	
<b>Landskap og heilskap</b>		
Forteljing om Møsstrand	s. 09	
Landskap og næringsgrunnlag	s. 09	
Historiske kart	s. 10	
Viktige årstal	s. 12	
Dei første spora	s. 16	
Jordbruk og kulturlandskap	s. 18	
Byggeskikk	s. 20	
Bygdelivet	s. 22	
Infrastruktur sommar	s. 24	
Infrastruktur vinter	s. 26	
Jakt og fiske	s. 28	
Fjellturisme	s. 30	
<b>Landskapet på Tangen</b>		
Tidlegaste spor		s. 33
Tiltakspunkt og ressursar		s. 35
Landskapsstudie Tangen		s. 36
Varland		s. 38
Varbøodden		s. 40
Turveg Haug - Varbø		s. 42
Gibøen-monument		s. 44
<b>Volumstudie ny arkitektur på Tangen</b>		
Småhytter utleige - offgrid		s. 49
Varbøodden. Båthus og formidling verdsar		
- Konsept "Naust"		s. 54
- Konsept "Sye"		s. 60
Klyngetun fleirbruk		s. 64
<b>Oppsummering</b>		
Innspel og tema til vidare utsjekk		s. 71



*Utsyn over Møsvatn vestover mot fjellheimen, med Førnesgarden i forgrunnen til høyre*



- Stadutvikling og lokalt særpreget
- Nærings- og reiseliv bygd på lokale ressursar
- Berekraftig utvikling og fast busetjing




*Utsyn frå vegen framom Haug (foto frå Street view)*

# FESTE



Innleing



## OM OPPDRAGET

Denne mulighetsstudien skal sjå på korleis ein med utgangspunkt i landskapet, naturressursane, folka og historien på Møsstrand kan legge til rette for ei ynskt utvikling som byggjer opp under fast busetjing og styrkar næringsgrunnlaget som alt finst her. Innspel frå lokalsamfunnet, kommunen og verdsarvforvaltninga er lagt til grunn for forslaga som vert foreslått.

Som del av den overordna mulighetsstudien skal det også gjerast enkle volumstudiar for innpassing av ny arkitektur. Områda på Tangen vert nytta som eksempelområde for nokre konkrete tiltak som her vert illustrert.

Mulighetsstudien skal også vera utgangspunkt for reguleringsplanarbeidet som skal igang for ytre del av Tangen.

## TEMA TIL UTSJEKKING

### Stadbunden næring:

Lågterskel tilrettelegging funksjonar:

- Innfallsport Møsvatn og Hardangervidda
- Fiske – jakt
- Transpørt – guiding – skuterutleige
- Lokal guiding til jakt og fiske og friluftsliv
- Undervisning – ekskursjon – seminar
- Landbruk
- Tømrar - restaurering og tradisjon
- Sal av lokalmat - kjøtt/fisk
- Snøskuter- og båtverkstad
- Utleige av friluftslivutstyr (kajakkar, robåtar, fiskeutstyr, ?)
- Hytteutleige

Bygg og infrastruktur:

- Utleiehytter – offgrid, reversible, lite fotavtrykk
- Varbøneset – fleirbrukshus, formidling verdsarv, utstilling arkeologi, utstilling landskapsvernområde/natur, båthus for båten Elida, skutersamlinga, tømrarverkstad?
- Strandsti Tangen – langs strondi mellom Haug og Varbø
- Kultur-/Natursti vidare utover Tangen kople saman med strandsti
- Garasjar - utleige?

- Småbåthamn for lokalbefolkninga med båtoppstilling. Utviding med gjestehamn
- Bubilparkering – størrelse?
- Bygg for beredskap – plassering, innhald?
- Nytt anløpspunkt for Fjellvåken? Kiosk, betalingsparkering?
- Toalett/sjøppelhandtering
- Informasjon – vegvising. Stadar og funksjonar


### Fast busetjing:

44 fastbuande uten veg - kva treng dei?

Tiltak som kan vera aktuelle:

- Prøvebustader – på Tangen?
- Prøvebu småbruk – om der står nokon tomme bruk innover langs vatnet
- Alders- og pendlarbustader? Heilårs og i periodar. Fleirbruk og fellesløysingar
- Søke om å koma med inn under utvalde kulturlandskap?
- Søke om å koma med inn på Landbrukets verdsarvordning?
- Historiske kulturlandskap - arkeologi?
- Overordna infrastruktur

# Landskap og heilskap





## FORTELJINGI OM MØSSTROND

Forteljingi om Møsstrond ligg i kryssingspunktet mellom fleire sentrale Telemarksforteljingar. På den eine sida eit samfunn bygd opp omkring utvinning av naturressursane og det handlingsrommet fjellheimen har gjeve, med forteljingi om jakt og fiske, jernutvinning og handel med eit stort omland via Telemarksvassdraget. Sentral i Telemark si vikingetidsforteljing og med spennande arkeologiske funn. På den andre sida koplinga mot industriaksen Rjukan Notodden – nå Verdsarvområdet – der Møsstrond sine naturressursar vart nytta, men på ein måte som har henta ut verdjar utan at lokalsamfunnet kjenner at dei har fått att anna enn store ulemper.

Området er særmerkt både i nasjonal og internasjonalt samanheng. Historien strekkjer seg tilbake til steinalderen. Dette er det høgastliggjande kyrkjeloknet i Sør-Noreg og eit særprega lokalsamfunn. Gardane ligg spreidde rundt det fire mil lange Møsvatnet, mange av dei uten vegsamband. Ferdslø skjer med båt eller snøskuter og det er vatnet som binder bygd saman.

Bygdi ligg i dag som anneks til Rauland sokn i Vinje kommune. I gamle dagar var ho dela mellom kommunane Tinn, Seljord og Vinje.

## LANDSKAP OG NÆRINGS-GRUNNLAG

Det er fjellet og vatnet som har danna livsgrunnlaget for dette samfunnet. Naturressursane på vidda har gjeve grunnlag for jakt og fiske, og spora etter jernutvinninga i myrlandskapet rundt vatnet, fortel om særprega stadbunden næring. Spor heilt tilbake frå ca 550 e. Kr. viser eit kulturpåverka landskap, med kombinasjon av gardsdrift og jernutvinning.

Seinare vart krafta i vatnet den ettertrakta naturressursen. Vassdragsreguleringa som skjedde frå 1903 til 1942 hadde dramatiske konsekvensar på bygda. Jordvegen blei mindre då vassstanden steig og variasjonar i vassspegele, til ei kvar tid regulert av industriens behov, gav store utfordringar for dagleglivet rundt vatnet. Gardar og tun måtte flyttast opp i terrenget og fleire husestadar vart liggjande under vatn. Det regulerte vatnet hadde påverknad på landskapet, lokalklimaet og naturen. Ved mykje nedtapping kunne våren koma seinere enn normalt, noko som førte til utfordringar i jordbruket. Strendene fekk mange stader problem med erosjon og vart i lange periodar liggjande som nakne "steinørkenar". Fisken fekk det tøffare med eit regulera vatn som skapte problem i gyte- og yngleperioden.


Dette er framleis situasjonen rundt Møsvatn. Variasjonen i vass-stand har kanskje heller blitt verre enn betre dei seinare åra med varierende nedbør og stor etterspørsel på straum. Men trass i dei mange utfordringane dette gjev, er Møsstrond framleis ei bygd med fast busetjing, også innover vatnet på veglause gardar. Bygdi er også ein populær feriestad for hytteeigarar og fjellvandraar.

Vatnet frå Møsvatn forsyner fem kraftverk på vegen ned mot Tinnsjøen. Dette landskapet, naturgrunnlaget og bygdesamfunnet er ein sentral del av industrihistorien til Rjukan og Notodden industriarv. Det bør synleggjerast og koma bygda til gode i det vidare arbeidet med forvaltning og tiltak knytt til Verdsarvsatsinga.

## HISTORISKE KART

Kartet frå 1857 syner landskapet kring Møsvatn før oppdemming av vatnet. Der ser vi at Hovden ligg som del av halvøya på Tangen og at øyar og nes på vestsida av Tangen var større i utstrekning.

Det noverande Møsvatn er eit samanhengande vatn, mot tidlegare tre: Martinsfjorden 904, Kromvikvatn 905 og Møsvatn 902 m.o.h.



- Kartet syner landskapet kring Møsvatn før reguleringane. Kjelde: Statens kartverk. Kartserie Rektangelmålinger 1849





Dette kartet fra 1926 viser oppdemminga med 12,5m. Hovden har blitt skilt frå Tangen som øy, og innafør denne ligg dei to øyene Krontøy (også kalla Mellomøy) og Kromøy.

Totalt er Møsvatn regulert opp 18,5 meter i tre omgangar frå 1903 og fram til 1942.

LRV (lågaste regulerte vass-stand) = 900,0 m.o.h

HRV (høgaste regulerte vass-stand) = 918,5 m.o.h

• Kart over del av Møsvatn. Kjelde: Statens kartverk. Utført sommaren 1926 av major Finn Qvale




## VIKTIGE ÅRSTAL

- 7000 f.Kr. – spor etter fyrste fangstfolk
- \* Folkevandringstid og Vikingetid
- 550-600 e.Kr. – Mogenhuset, arkeologisk utgraving
- 550-1350 e.Kr. – Jernutvinningsperioden (truleg 1300-1400 plassar rundt vatnet. Flest på Tangen). I kombinasjon med jordbruksdrift. Jernutvinninga var betydeleg i nasjonal målestokk.
- 1200 e.Kr. – tidfesta utgravingstuffer på Hovden og Neset
- 1348-1350 – Svartedauden rammar Norge. Nedgangstid
- Frå 1500-talet – jordbruksdrift (husdyrhold) og busetning tek seg opp att
- 1720-åri – 11 namngjevne bruk (Torvetjønn, Bosbøen, Gibøen, Skinnarland, Neset, Kromviki, Hovden, Hamaren, Juvik, Vågen, Holvik)
- Frå 1830-åri – sal av gardar til utanbygds folk (fire grupper: utbønder, rikfolk, Telemarks Reinsdyrselskap og Skien Brugseierforening)
- 1849 – kyrkje på Hovden. Brann 1919. Gjenreist 1923
- 1869 – skulestoge på Hovden. Seinare skule og internat
- 1842-1919 – Spelemannen Håvard Gibøen





- 1900 og framover
  - Frå 1903
    - fjellturisme, DNT, ferjerute
    - Oppkjøp av heile bruk for utbygging av Norsk Hydro. Bygging av Møsvassdammen
  - 1903
    - oppdemming 10m
  - 1904
    - oppdemming auka med 2,5m
  - Frå 1917
    - Rauland kommune nyttar forkjøpsrett og kjøper tilbake ein del gardar til bygdefolk
  - 1918
    - første påhengsmotor
  - Frå 1928
    - nydyrking og bureisingsbruk
  - 1939
    - første snoskuter
  - 1942-43
    - oppdemming auka med 4m
- 1980-åra
  - Hardangervidda nasjonalpark og to landskapsvernområde
- 2000
  - Hardangervidda nasjonalparksenter
- 2002
  - skulen nedlagt
- 2015
  - Verdensarvsstatus Rjukan Notodden. Vasspegelen på Møsstrond er buffersone







- *Hovdøya med Hovdengardane. Tuft etter langhus ved vasskanten nedanfor kyrkja\**



- *Utløpet av Kvænna og nordenden av Møsvatn sett frå VVV. Mogen heilt til venstre, Mogenlufta til venstre for midten, Li og Liset bakanfor. Gravhaug (Velurhaugen) på høgre breidd\**





- *Fjöllvåken 2* fraktar fjellturistar innover vatnet mot Mogen. Vinjekyrkja (1255) bakanfor.  
Foto TTF (kjelde DNT si heimeside)



- *Garden Aust-Førnes*. Foto Anne Johanne Dyrland

## DEI FØRSTE SPORA


Steinalderfunn på Hardangervidda fortel om eit jeger- og fangstfolk truleg med nomadisk busetjing i området. Reinen var hovudjaktbyttet. I tillegg har rype, elg og hare og fisk vore viktig i mathushaldinga.

Det eldste funnet etter fast busetjing er Mogenhuset. Det låg ved utløpet av Kvenna i nordenden av vatnet og er datert til ca 550 e.Kr. Det ser ut til at det bare budde folk der i 50-75 år. Jernutvinninga tok til på denne tida. Arkeologiske vurderingar legg til grunn at bakgrunnen for den busetningsmessige jernvinna var fast busetjing med februk som basisnæring. Det fortel oss at det har vore drive jordbruk iallefall frå 600-talet i området.

To gardstuffer er undersøkt. Desse ligg på Hovden og på Neset og er datert til tidsrommet 1100-1300 e.Kr. Det er funne 10 tufter av denne typa. På Neset vart det


funne beinfragment frå husdyr, både storfe og småfe. Ein pollenserie frå Hovden viser kulturindikatorar som kornartar, kjempeartar, meldestokk, syre og marimjelle. Jernutvinninga meiner ein strekkjer seg frå ca 550 til 1350 e.Kr., dvs ein periode på 800 år. Truleg starta som utmarksnæring knytt til gardsdrift. Den mest intensive fasen foregjekk i vikingetida. Jernvinneplassane fekk i denne perioden eigne hus og spela ei like viktig økonomisk rolle for busetjinga som februket. Truleg arbeidde det fleire knytt til desse plassane enn dei som var fast busett. Tilreisande spesialistar kan ha vore del av organiseringa.

Nedgangstider og fråflytting knytt til agrarkrise og forverring av klimaet frå slutten av 1200-talet og med Svartedauden på midten av 1300-talet. Sagnetradisjonen og skriftlege kjelder tyder likevel på at enkeltbruk var busett i denne perioden.




- *Frå Nystaul. Plan og profil av hellegrøyter. Kjelde boka Jernvinna på Møsstrond av Irmelin Martens og Anna M. Rosenqvist (1988)*






- 1 - Gravfunn frå Helledjuvsberget. Foto Universitetets oldsaksamling
- 2 - Pilespiss og kniv frå vikingetidi funne ved Nordlid. Foto Svein Holo
- 3 - Spinnehjul og hengebryne funne av Nils Førnes på strondi ved Galar. Foto Universitetets oldsaksamling



- Steinialderklubbe funne på ei øy ved Førnes av Nils Førnes. Foto Universitetets oldsaksamling



- Tufti på Møgetangen under utgraving i 1959. Foto Universitetets oldsaksamling

Foto med tekst er henta frå Øystein Kostveit si bok "Fjellbygd ved Møsvatn"



## JORDBRUK OG KULTUR- LANDSKAP

Frå 1500-talet tek busetnaden på Møsstrond seg opp att. Rundt ca 1830 nådde busetnaden si største utstrekning. Februket var den viktigaste næringa. Dyretalet var på det høgaste i 1875.

Fram mot 1905 var det nyrydding og garddeling.

Husdyrbruk - gjerne fire staular for kvar gard.

Dyrking av bygg og jordeple og litt hagevekstar, men ganske marginalt.

Grasproduksjon - i stakk og med hesjing Lauving fram til 1960-70-åra.

Tradisjon for drifttrafikk med fe-, saue- og hestedrifter. Staulsdrift frå lågareliggjande bygder. Tamreindrift frå slutten av 1800-talet til 1921.

Den største synlege endringa i åra etter krigen, er at skoggrensa har krope oppover, som fylgje av at beitepresset har gått drastisk ned.

I 1992 var jordbruket framleis den viktigaste faktoren i sisselsetjinga. Det var 34 gardar rundt vatnet og to oppe ved Skinvatnet. 22 av gardane var framleis i drift og alle dreiv med enten kyr eller sau, ein hadde kombinasjon av kyr og geiter.

Idag er det 44 fastbuande veglaust og 24 gardsbruk. Det er drift på 2 gardsbruk (37 sau og 6 ammekyr). Jordbruksareal for dei veglause gardane er 620da med 138da i drift. Jordbruksareal knytt til veg er 535da med 264da i drift.

Kjenneteikn for landbruksdrifta på Møsstrond:

- står i ein lang tradisjon, sidan 600-talet
- låg tilførsel av kunstgjødsel
- lite bruk av sprøytemiddel
- ein, sein slått
- beiting vår og haust – lågt beitetrykk
- jordbruk i ei uvanleg klimasone.


Slåtte- og beitemark som dette er blant Norges mest truga naturtyper og er av dei mest artsrike vi har. Det er også viktig for dei biologiske mangfaldet. Dette kulturlandskapet kan vera ei viktig oase for utrydningstruga artar.

Tidlegare var buseiinga kjenneteikna ved stor grad av sjølvberging bygd på allsidig utnytting av naturressrane. Idag vert det drive einssidig grasproduksjon.

Jordbruket har vore den viktigaste faktoren som har forma dette kulturlandskapet. Det er karakteristisk og særmerkt ved at det ligg med relativt stor utbreiing så høgt over havet. Dette set Møsstrond i ei særstilling som eit marginalt jordbrukslandskap høgt til fjells. At


dette kulturpåverka preget på landskapet også har eksistert gjennom havtanna tusen år, gjev det ein ekstra verdifull dimensjon.

I tillegg til å vera ein vesentleg del av næringsgrunnlaget og føresetnad for fast buseiing, er det å halde i hevd eit oppe kulturlandskap på Møsstrond også viktig for trivsel og identitetskjennele. Attgroing er signal om forfall og fråflytting. At kulturlandskapet blir halde oppe er også viktig for landskapsbiletet, bevaring av kulturarven og opplevingsverdi knytt til reisliv og fjellturisme.




- Befolkningsanalyse 17.02.2022.  
Kjelde Vinje kommune, Landbruksavdelinga





- Ingebjørg og Olav på Lid jager buskapeen på beite. Foto Sven Poulsson. Frå Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møssvatn"



- Høystakkar på Kromdalslægeret. Foto frå Norsk Industriarbeidermuseum. Kjelde Digitalt museum



- At kulturlandskapet blir halde oppe er også viktig for landskapsopplevinga. Foto Thor Christiansen



- Hesjer på Aust-Førnes, 1960-talet. Foto frå facebookside Fjellbygda Møstrond - innsamling av historiske fotografi (Anne Dyrland)



- Høyonn på Varland. Svein og Netta Vågen tok over garden etter Johan Larsen, som rudda garden i 1938. Foto Peder Lindhjem. Frå Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møssvatn"



- Sau på vinterføre. Frå garden Aust-Førnes. Foto Anne Johanne Dyrland. Kjelde Digitalt museum



## BYGGESKIKK

Dei tidlege bygde strukturane etter hellegrytter og blesteromnar er bygd av stein og ligg nedfelt i bakken, gjerne som sirkelforma eller ovale former. Det eldste datera bygget er stolpehuset på Mogen tangen. Det minner om langhus frå vikingetidi. Mellomalderhuset som er grave ut på Hovden peikar fram mot huserekkja på Hamaren. Hellerar har også vore bruka som husvære i fjellområda. Dei eldste husdyghusa var bygd av stein, gjerne med metertjukke veggar fylt med jord. Talet på innhus varierte frå gard til gard, men kvar funksjon hadde sitt eige hus. Dette gjev ein bygningsstruktur av mange mindre bygg som dannar tun og er enkle å innpasse i terrenget. Stoga vart fyrst bygd i stein, bjørk eller jord. På nrydningsplassar blei det mange stader bygd bjørkebuer heilt fram til siste århundreskiftet, og steinstova på Argehovd var i bruk heilt fram til 1930. Utover på 1700-talet blei tømrene etterkvart bygd av furu og gran og stogene blei større. Dei fleste bruka hadde bur, medan lofta ikkje var så vanlege. Organisering av husa i tunet var litt tilfeldig i motsetning til tradisjonen elles i Vest-Telemark der rekketunet dominerte. Det hadde heller fleire fellestrekk med firkanttunet i Tinn.




- *Frå arkeologiske utgravingar på Hovden. Sirkelforma hellegrytte/omn. Bygd av stein og jord. Kjelde og foto frå boka Jernvinna på Møsstrond av Irmelin Martens og Anna M. Rosenqvist (1988)*



- *Hellerar vart bruka som husvære i fjellet. Foto Kjell Bitustøyl. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"*






- Steinhusa på Hamaren. Her var dei gamle steinhusa i bruk heilt fram til den siste oppdemminga i 1943. På lågvatn kan ein enno sjå murane. Foto Wilse. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"




- Dei gamle uthusi på Argehovd var bygde av stein og bjørkestrangar. Foto frå mellomkrigstid. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"



- Tunet på garden Argehovd. Husi ligg fint tilpassa i terrenget. Kjelde NRK-serien "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu"

## BYGDELIVET

Bygdligg i yttergrensa av fast busetnad i landet, opp mot 1000 m.o.h. Med veglause gardar, vass-stand som varierar, verhardt klima, kort sesong for dyrking, små og tungdrevne gardar, er det fasinerende at folk heid stand her oppe. Men det er sterke band som knyter folk til bygdi og landskapet her. Det sosiale livet har truleg større utfordringar nå enn i tidlegare tider, med skulen nedlagt og eit internettbasert samfunn. Samtidig gjev utfordringane ein har eit spesielt fellesskap. Vår og haust, i overgangsperiodane mellom ope og islagt vatn, er dei veglause gardane avskorne frå kontakt til sentrale strok. I desse periodane blir naboar som kan nåast langs land viktige. Det er eit liv tett på naturen som står i ein lang tradisjon. Evne til sjølvberging og å finne kreative og praktiske løysingar er viktig i dette bygdesamfunnet. Korleis kan vi idag legge tilrette for at neste generasjon ynskjer å bli buande?



• Ein finn kreative og praktiske løysingar for det meste på Møsstrond. Frå synfaring september 2022



• Folkemøte om vass-standen på Møsvatn, september 2022. Det er framleis 46 fastbuande langs vatnet. Kjelde Telemarksavisa. Foto: privat





- Neste generasjon: Jentene på Hovden på skuleveg over vatnet. Foto frå Telemarksavisa, 2017



- Gravfylgje går på ski framom garden Sundet i 1920. Folk har alltid funne sine egne praktiske løysingar her i fjellbygdi, og ved samhandling har ein berga seg. Før andre verdskrigen var det ski og kjelke som gjaldt på vinterføre. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"



- Fjellvande karar. Aasmund Løvås og Jon Vågen på Argehovd. Foto Andreas Ranestad. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"



- Frå internatskulen på Hovden. Ein 17. mai på 60-talet Foto Andreas Ranestad. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"

## INFRASTRUKTUR SOMMAR

Møsstrand var lenge ei avstengd bygd og mykje slit har bygdefolk hatt for å ta seg fram, ikkje sjeldan med livet som innsats. Folk har heile tida vore på leiting etter nye framkomstmiddel som kunne lette livet. I 1918 kom den første påhengsmotoren. Fleire skaffa seg etterkvart snekker. Ein klinkerbygd fraktebåt og ein lekter etter damutbygginga var lenge i felles bruk til praktiske arbeid langs vatnet.

Stor framgang var det når bygdefolk etterkvart fekk båtar med innebygd motor. Idag har dei fleste, både fastbuande og hyttefolk, egne hurtiggåande båtar. I hamna på Varland er det bygd ut store garasjeanlegg og tilrettelagt plassar for båtlagring og parkering. Men det er utfordringar knytt til småbåthamna, som er for trong når vatnet er tappa langt ned, noko som har skjedd stadig oftare dei siste åra. Utbetring av anlegget på Varland er eit stort ynskje hjå dei fastbuande og vil vera eit sentralt punkt i vidare planarbeid. Sjå også oppsummeringa til slutt i dette dokumentet.

Den vesle ferja Fjellvåken vart sett i rute frå 1967. Han vart i 2001 avløyst av Fjellvåken II. Det er ein katamaran som går i faste ruter mellom Skinnarbu og Mogen frå midten av juni til byrjinga av september.

Det er også folk som driv med transport som eigen næringsveg. To luftputebåtar er i privat eige, til bruk i overgangsperiodane vår og haust.

Første bilvegen inn til Møsstrand kom i 1904 frå Rjukan til den planlagte dammen ved Holvik. Vegen frå Raulandsgrend til Kromviki kom i 1930. Riksvegen mellom Rauland og Møsvassdammen kom i 1939. Vegen langs Tangen ut til Varland kom i 1978. På nordsida av vatnet, frå Holvik til Argehovd, blei det laga ein enkel skuterveg på slutten av 1980-talet.




- For andre året på rad har ØTB tappa Møsvatn under kote 914\*. Måndag formiddag 12. september var vass-standen i Møsvatn 913,50 meter over havet. Det skapar problem for dei 46 fastbuande som er avhengig av båt for å koma seg til skule, butikk, postkontor og jobb. Kjelde Telemarksvisa. Bildet er tatt på Varland 13. juli 2022. Foto: Kenneth Frantzen

*\*I manøvreringsreglementet står det slik:  
"Fra 1. mai skal alt tilløp, bortsett fra nødvendig tapping for å holde pålagt minstevannføring i Måna, nyttes til å fylle opp magasinet til kote 914. En vannmede tilsvarende gjenværende magasin i Møsvatn pr. 1. mai kan likevel tappes i fyllingsperioden. Etter oppfylling til kote 914 må magasinet ikke tappes under denne kote før 1. desember."*





- *Garasjeanlegg, båtoppstilling og parkering på Vårland  
Foto frå synfaring i september 2022*



- *Harald Hovden har transport og frakting av folk og varer som del av næringsgrunnlaget sitt. Foto frå synfaring i september 2022*



- *Fjellvåken II set i folk i land inne ved Liset. Ved låg vass-stand, som det har vore dei siste somrane, er det eit godt stykke å gå inn til Mogen turisthytte herifrå.  
Foto frå heimeside [www.raulandtelemark.com](http://www.raulandtelemark.com)*

## INFRASTRUKTUR VINTER

På vinterføre var det lenge ski og skeiser folk bruka, og kjelkar til transport frå og til bygd. Etter krigen vart det kjøpt ei beltevogn (wease). Deretter fekk ein snowmobil med 16 sitjeplassar som gjekk i rute Rauland -Møsdammen og vidare inn til Mogen (denne er no på vegmuseet i Øyer). Ein muskegg (svenskbygd beltebil) var i drift og gjekk også i rute mellom Skinnarbu/Varland og Mogen frå 1951 og framover.

I 1939 kom den første varianten av snoskuter. Det har vore eit vesentleg tilskot til å oppretthalde fast busetjing her på Møsstrond. Sal og reparasjon av skuterar har også blitt ein viktig næringsveg, som sysselset fleire i bygdi, på Haug hos Jon Neset. Han har også ei fin samling av gamle skuterar som fortel historie frå nær fortid.



• Frå Vågen, truleg mai 1969  
Kjelde Norsk industriarbeidarmuseum.  
Foto: ukjent



• Skuterhistorie.... Kjelde Norsk industriarbeidarmuseum.  
Foto: ukjent





- Helikoptertransport må til om det ikkje er anna måte å ta seg fram på. Kjelde Norsk industriarbeidarmuseum. Foto: Anne Johanne Dyrland



- Skuterturen må leggast over fjellet i periodar når isen ikkje er trygg. Då blir vegen lang fram med posten f.eks. Kjelde Norsk industriarbeidarmuseum. Foto: Anne Johanne Dyrland



- Alle på Møsstrond har no snoskuter som framkomstmiddel. Her nærmar det seg slutten for isvegen, rundt 1. mai. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"  
Foto Ingar Hagen

## JAKT OG FISKE

Møsvatn blei i eldre tider rekna for å vera det beste fiskevatnet i Telemark. Auren var lenge den einaste fiskearten i vatnet, fram til 1930-talet. Nå dominerar røya heilt. Fisket har vore næring heilt fram til idag, både utleige av fiskerettar og sal av rakfisk og fersk røye.

Jakt og fangst har alltid vore ein viktig del av næringsgrunnlaget på Møsstrond og eit vilkår for busetnaden her. Til Hovdengardane låg Skipdrettffisket (skip-drag), som vart rekna som ein av Telemark sine naturherlegheter (eit tidlegare straumløp mellom Møsvatn og Kromvatn ref. kart side 10). Møsstrond er kjerneområde for villrein i landet. Rypejakta har vore viktig i tidlegare tider vart det også drive jakt på rovfuglar.

Idag er alle fuglar og dyr totalfreda på Tangen.



- *Næringsfiske i Møsvatn, Anne Solheim. Foto Svein Holo. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"*




- *Om sommaren søkjer reinen inn på snøfennene. Foto: Arvid Aga. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"*





- *Byjegerar på reinsjakt i Hamrefjell. Foto: Wilse. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"*



- *Reinsjegerar. Reinsjakt er viktig både som trivselsfaktor og næring på Møsstrond. Foto: Johan Brun. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"*



- *Hilde Hovden er fiskar i Møsvatn. Røye-fangsten er del av næringsgrunnlaget til familien på Hovden. Foto Bjørn Harry Schönhaug. Kjelde nettside "Det er Telemark"*

## FJELLTURISME

Trafikken over Hardangervidda er eldgamal. Den meir organiserte fjellturismen tok til i første halvdel av 1800-talet kom det fleire fylgje frå England, Sverige, Danmark og også ein og annan tysker og islending, som har skrive reiseskildringar. Somme var reine turistar andre forskarar som botanikarar og geologar, eller embetsmenn. Roald Amundsen var her på testtur før Sørpolen og også knytt til etableringa av Norsk Hydro var storkarar innom for å oppleve fjellet, gjerne på villreinjakt.

Møsstrond blei tidleg kjent som turistbygd, i inngangen til Hardangervidda. Frå 1912 har Skien-Telemark Turistforening hatt båt i rute på Møsvatn. Frå 1892 til 1908 var det turistmottak på garden Mogen. Idag er Mogen ei veletablert turisthytteeig av Skien-Telemark Turistforening. Det går merkte stiar i fleire retningar innover Hardangervidda.



- Turisthytta Mogen i nordenden av Møsvatn. Kjelde Tripadvisor



- Framhaldsskulelevar frå Rauland kryssar Hardangervidda i slutten av 1960-åra. Foto: Øystein Kostveit. Kjelde Øystein Kostveit si bok "Fjellbygdi ved Møsvatn"






- Transport av bagasje frå Mogen Turisthytte, påska 1967  
Kjelde Norsk industriarbeidarmuseum.  
Foto: ukjent



- Skituristar på Møsstrand.  
Kjelde Den Norske Turistforening si heimeside  
Foto: ukjent



- Hundekjøring på Møsvatn med Gaustatoppen i det fjerne.  
Kjelde Vården. Foto: ukjent

# Landskapet på Tangen







## TIDLEGASTE SPOR PÅ TANGEN


Dei registrerte fornminna på Tangen og øyene rundt, er mange. Det er spora etter jernutvinninga som var stor næring her som gjer utslaget. På ytre del av Tangen er det i hovudsak kolgrøper og slagghaugar ein har funne. Dei større utgravingområda på Tangen ligg lenger inne, på nordaustsida med Erlandsgard og på vestsida ved Neset. På Hovden og Neset er det funne hustufter, truleg frå rundt 1200 e.Kr.

Forteljinga om denne tidlege industrien som hadde stor aktivitet rundt vatnet, er spennande. Han knyter Møsstrand til handel med eit stort omland og gjev landskap og busetjing historisk djubde. Forteljinga burde formidlast for folk som kjem hit på besøk på ein betre måten enn idag.



• Kart over registrerte fornminne på Tangen. Frå boka *Jernvinna på Møsstrand av Irmelin Martens og Anna M. Rosenqvist (1988)*

• Kart over registrerte fornminne på Tangen med omkringliggjande område vestover. Frå *Askeladden, Riksantikvarens database på nett*




- Frå ytre del av Tangen mot Hovdøya. Frå boka Jernvinna på Møsstrond av Irmelin Martens og Anna M. Rosenqvist (1988)




- Den yttste delen av Tangen sett frå Hovden. Frå boka Jernvinna på Møsstrond av Irmelin Martens og Anna M. Rosenqvist (1988)



- Gamalt foto mot Hovdøya med gamlekyrkja, før 1919. Landskapet var ope og snaubeita. Foto Wlase. Kjelde Widerøe Flyveselskaps flyfoto



- Utsyn frå Haug utover vegen mot Varland. Foto Google Streetview



- Utsyn sørover mot Varbøneset frå vegen mellom Varland og Varbø. Foto frå synfaring juni 2022



- Frå småbåthamna på Varland. Utsyn mot Hovdøya. Foto frå synfaring juni 2022



## TILTAKSPUNKT OG RESSURSAR

### Hovden

- Kyrkja og kyrkjebakken - viktig samlingsstad for bygda
- Gamlaskulen og internatet - Skulen brukast idag som grendehus. Også potensiale internasjonalt knytt til UNESCO? Ungdom - handverk/kulturlandskap - bevaring/utvikling gjennom bruk? Mogeleg samarbeid med Attføringssenteret?
- Familien på Hovden - aktivitetar

### Varland

- Garasjar – framleis ynskje om utviding?
- Båthamn – ynskje om utviding for gjester
- Oppstillingsplass for båt
- Ynskje om område for bubilcamp – ny
- Stoppestad for Fjellvåken?
- Beredskapsfunksjonar
- Fellesfunksjonar: Posten - El-billading - Renovasjonspunkt


### Varbø

- Båten til Sam Eide (eigar)
- Ynskje om eit bygg på Varbøodden – båtbus + fleirbruk stadbunden næring (utstilling, informasjon, velkomen til Møsstrand, formidling Verdensarv, kafe, utleiehytter, utgangspunkt friluftsliv og aktivitetar)
- «Off-grid» hytter til utleige - lite fotavtrykk og reversible
- Jon Håkon – snekker

### Haug

- Verkstad og service for båt og snoskuter
- Båthamn og oppstillingsplassar for båt
- Lite servicebygg (toalett?)
- Snoskutersamlinga til Jon Neset

Sti/turveg langs vatnet for «nærtur-hytteturistar»  
Kultur-/natursti på Tangen?







## LANDSKAPSTUDIE TANGEN

Dei tre bruca Haug, Varbø og Varland ligg på rekke og rad mot enden av vegen på Tangen. Der vegen stoppar på Varland er eit viktig knutepunkt for fastbuande som bur innover langs vatnet. Her ligg småbåthamna og garasjane og det er staden der ein skiftar mellom transportmiddel frå båt eller snoskuter til bil eller buss. Det er også eit viktig utgangspunkt for besøkande til Møsstrond. Dei fleste som skal innover til hytter eller til kyrkja på Hovden eller skal leige båtransport, kjem hit. Turistar som skal ta Fjellvåken møter opp ved Skinnarbu.

I ein overordna landskapsplan har vi prøvd å konkretisere og plassere inn i landskapet forslag til nokre av tiltaka det har kome innspel om. Dei enkelte tiltaka blir kommentert i dei fylgjande oppslaga.





## STADEN OG INSPIRASJONEN

- Plassering i landskapet
- Fjellvidde
- Ver og vind
- Veglaust samfunn
- Jordbrukslandskapet
- Vass-stand og Verdensarv
- Det "usynlige landskapet", lag på lag


Tiltaka ein skal legge tilrette for må vera ein kombinasjon av praktiske løysingar for infrastruktur og dagleg liv, i samspel med tiltak som gjev oppleving av det store landskapet, fjellvidda, ver og vind og gamal historie.

Hamna på Varland er knutepunktet som binder den veglause bygda saman med fastlandet. Aktivitetane og dagleglivet som foregår her gjev staden karakter.

Men sjølv vass-spegelen og det store landskapet kan ein få tydelegare oppleving av ved å koma ut til vatnet og stranca. På neset på eigedomen Varbø (heretter kalla Varbøneset) kjem ein gjennom bjørkeskogen ut på svaberga øverst i strandsona. Med vidt utsyn nord- og vestover fjorden, øyene og fjellheimen.

Inne i vika på Haug ligg ei godt skjerna småbåthamn. Her er det plass til handtering og parkering av båt og verkstaden ligg like oppi vegen.

Dei tre bruka ligg i sine små "glenner" av jordbrukslandskap. Som vitnar om at folk bur her og held landskapet i hevd.





## VARLAND

- Parkering - for bil og båt  
Ved enden av vegen ligg den store grusplassen med parkering for dei som skal innover vatnet med båt sommarstid eller på skuter vinterstid. Plass for båtopleg/-parkering er også ein viktig del av parkeringsfunksjonen, sidan mange trekker opp båtane mellom bruk.
- Garasjar  
Det er bygd mange, lange garasjebygg som del av hamna på Varland. For både fastbuande og hyttefolk er det praktisk å kunne få bil/båt/skuter under tak ved skifte av transportmiddel.
- Utvida småbåthamn  
Hamneanlegget som blei bygd på 1990-tallet er laga for å dekke vassstanden frå kote 914 og oppover. Får svært redusert kapasitet ved lågare vass-stand. Hamna må skiltast og skilje mellom anlegg for fastbuande og hyttefolk. Prøve å få til stoppestad for Fjellvåken II?
- Renovasjon  
Ved auka trafikk må system for renovasjon oppgraderast. Renovest har planar om nytt anlegg som vist på planskissa.
- Bubilparkering  
Ei ryddig og avgrensa tilrettelegging for bubiloppstilling ville vore eit fint supplement til hamneanlegget.
- Informasjonspunkt  
Det bør lagast eit enkelt og fint informasjonspunkt ein plass i anlegget. Både med praktisk informasjon om staden og tilhøva, og med formidling av kvar folk kan lære meir om staden, historien og landskapet.







Innkjøring til parkeringa. Foto frå Streetview



Frå parkeringsplassen sett søraustover mot atkomsten. Foto frå synfaring september 2022



Det skal helst ikkje byggast ut i myrområda. Foto frå synfaring september 2022



## VARBØDDEN

Eit bygg for å fortelje om historien med fokus på utsyn over og oppleving av det store landskapet og vass-spegelen. Installasjonar som synleggjer variasjon i vass-standen?

Bygget kan også romme den gamle båten til Sam Eyde og skutersamlinga til Jon Neset. Utstillingsdel; - Fysisk og som fotodokumentasjon.

Fraktebåten frå bygging av dammen - her eller ved dammen? Kan den brukast?


Båten Elida - korleis bruke? Integre kran/teknisk løysing for å heise inn i bygg.

Sentral for utleige av småhytter.


Lokalmatutsal? Jakt - fiske - landbruk?

Stikkord for utforming:


- parkering i bjørkeskogen
- akse til vatnet og formidlingspunkt
- formidlingspunkt/bygg på neset ut i vatnet
- bjørkeskogen som filter mot stranda og vatnet
- turvegen langs stranda
- utleiehytter plassert i bjørkebeltet - off grid og med lite fotavtrykk








• Bjørkeskogen i overgangen mot strandlina på Varbødden\*



• Utsyn frå svaberga på Varbødden\*




• Strandlina frå Varbødden mot Varland\*





## TURVEG HAUG - VARBØDDEN

Ein universelt tilrettelagt turveg langs stranda mellom hamna ved Haug og formidlingspunktet på Varbødden, vil kunne nyttast til fots eller på hjul om sommaren og på ski om vinteren. Han vil delvis måtte leggjast som bygd gangbane med betongramper eller på stolpar av noko slag. Dette vil kunne bli ein type nærtur for hyttefolket her og på Rauland. På dagar når veret ikkje er strålande eller når ein har lyst på litt variasjon i opplevingane frå dei mest oppgjengne løypene. Undervegs kunne det lagast stoppestadar med sitteplassar, formidlings- og utkikkspunkt.



Om ein kunne fått til ei lita kafédrift i helgene, ville det sjølvsagt gjera det endå meir attraktivt som turmål og stoppestad.







# Referansar turveg





## GIBØEN MONUMENT

I januar 2022 har kunstnaren Ånond Versto laga eit idéutkast til monument over meister-  
spelmanen Håvard Gibøen, som budde på  
garden Gibøen litt lenger innover langs vegen  
på Tangen.

Arbeidstittel:

Vaktar over Håvard Gibøens minne

Frå kunstnaren sin beskrivelsen av kunstverket:  
"Eg har tatt utgangspunkt i løveskallen på ei  
hardingfele. Ut ifrå feleløva har eg forma ein  
stilisera dyrekropp slik at løva sit majestetisk  
og ser utover Håvard Gibøens landskap –  
Møsvatn, strendene og fjølli i kring.

Skulpturen er tenkt utført i kalkstein frå  
Porsgrunn, såkalla Porsgrunnsarmor. Dette er  
ein ljøsgråblå stein med mykje fossilar, som gjev  
eit spennande spel i overflata. Stillepinnane er  
tenkt utført i ein mørk stein, f.eks svart granitt.  
Sjølve løva er tenkt ca. 2 meter høg.


Løva blir sitjande på ein flat stein, kanskje rund  
som på skissa. I denne steinen vil eg hogge inn  
navn, leveår og ein kort setning som seier noko  
om kven Håvard var og kor høgt skatta arven  
etter han er. Kanskje nokon strofer frå eit dikt  
e.l. På basen kan ein og feste plakettar med  
sponsorar, om ynskjeleg."

Ånond Versto






# Volumstudie ny arkitektur











### Konsept for ny arkitektur:

- 
- tømmer - nybygge og flytta
- steinmurar - natursteinsfundament
- båthus - naustbygg - bryggekonstruksjonar
  - sye - sirkel - rundsyn
- 

# FESTE



Referansar  
utleiehytter







## SMÅHYTTTER UTLEIGE - OFF GRID


- Inspirert av lokal byggeskikk
- Reversible
- Lite fotavtrykk

Vi har tatt utgangspunkt i dei tradisjonelle småhusa slik ein finn dei i gardstun og i utmarka, bygd av tømmer, stein og med gras på taket. Det er laga eit konsept der dei enkelte delane av ein slik bygningskonstruksjon kan settast saman på ulike måtar, med ein variasjon mellom nytt og gammalt, gjenbrukt og moderne. For å ha referanse til lokal byggeskikk vil det vera fint å kunne ha eit fundament av natursteinmur. Då blir dei kanskje ikkje like enkelt reversible, som ved bruk av enklare stolpepunkt, men hollsteinar kan nyttast som eit alternativ. Nokon av hyttene kan settast opp av tømmer som alt finst i området eller som kan flyttast hit. Andre kan byggast med nytt treverk eller laf. Hyttene kan plasserast fleire saman eller kvar for seg.


Rommet er organisert rundt ein midtstilt eldstad og hyttene kan gjevast ulik grad av opne eller lukka veggar. Størrelsen er 36m<sup>2</sup>. Det kan innpassast mellom 4-5 sengeplassar.

*Prinsipp Legomann, der ulike delar av figuren eller bygget kan skiftast ut og settast saman på nye måtar og med ulike materialar*






PLANFORSLAG 36m<sup>2</sup>




SNITT



PLANALTERNATIV 1 - 29m<sup>2</sup>

*Utieieghyttene Off grid*




PLANALTERNATIV 2 - 24m<sup>2</sup>



PLANALTERNATIV 3 - 14m<sup>2</sup>






3D SKISSE / "Stemmur og loft"



3D SKISSE / "Stemmur og loft"




3D SKISSE / "Punktfundament og loft"



3D SKISSE / "Punktfundament og loft"

*Utleiehyttene Off grid*




**SAM EYDE SIN LYSTBÅT FRÅ 1916**



*Dette gamle bildet viser at «Eydebåten» originalt hadde eit overbygg som fungerte som ein salong. Overbygget blei seinare fjerna fordi det fungerte som eit vindfang for den kraftige vinden som kan vera på Møsvatn.*

*Foto: Eugen Løken. Kjelde Telemarksavisa 09.03.2017*





Referansar  
“haust”



## VARBØDDEN - BÅTHUS OG INFORMASJON VERDSARV

### Konsept Naust

#### Funksjonar:

- Båthus for Sam Eyde-båten
- Utstilling Forteljingi om Møsstrond
- Formidling Verdsarv og vass-spegelen
- Skutersamlinga til Jon Neset
- Bygdelokale
- Sentral for utleiehytter
- Liten kafé


Utforminga er henta frå ideen om at ein her skal hyse ein båt som skal kunne hevast frå vatnet og direkte opp i bygget. Det må tilpassast praktiske løysingar for dette med kran, evt skinner o.l. Den store variasjonen i vass-standen gjer det også naturleg å tenke på kraftige søylekonstruksjonar. Referansane er henta frå kystlandskapet og vi er klar over at det her er større utfordringar med isgangen. Konstruksjonen vil måtte spesialtilpassast til det. At konseptet inneheld fleire bygg er ein kvalitet ift å kunne gje punktet fleire og varierte funksjonar. Referansane vi har vist på forrige side har alle karakterer av å stå i opne, verharde landskap. Litt industrielle og hardbarke bygg. Dette er ein karakter vi tenker kan høyre til på Møsstrond, sjølv om det ikkje er tradisjon for båthus og naust her.

Parkeringsplassen er laga som ein sirkelforma plass inne i ein bjørkeskog. Forma har kome utfrå eit ynskje om å ha ei tydeleg avgrensing mellom naturen og det bygde og frå at vegetasjonsområda her gav rom til ei sirkelform. Sirkelen er også retningslaus og fleksibel og spelar fint saman med landskapsformene i dette store viddelandskapet.

Mellom parkeringsplassen og bebyggelsen der ute på neset går det ein rett og stram gangakse som endrar karakter der han går gjennom bjørkeskogen og ut i det opne strandlandskapet og vidare på ein bryggekonstruksjon utover stranda og over vassflata.


### Konsept Naust -


*Ei samling av fleire bygg er plassert som del av ein bryggekonstruksjon. Utforming inspirert av type tradisjonelle båthus.*



*Motsett side:  
Fugleperspektiv og snitt som viser ein sirkelforma parkeringsplass med gangakse ned til ein bryggekonstruksjon med bygg ute på odden og i vatnet*









*Plassering konsept Naust*






*Plassering konsept Naust*





*Slangesye*





Referansar  
"sye"





## VARBØDDEN - BÅTHUS OG INFORMASJON VERDSARV

### Konsept Sye

#### Funksjonar:


- Båthus for Sam Eyde-båten
- Utstilling Forteljngi om Møsstrond
- Formidling Verdsarv og vass-spegelen
- Skutersamlinga til Jon Neset
- Bygdelokale
- Sentral for utleiehytter
- Liten kafé

Dette konseptet viser ein heilt annan retning for ein bygd konstruksjon og formidlingspunkt. Vi har framleis med søylekonstruksjonen, men han er her trekt lenger opp på land, inn på berget på neset. Sirkelforma er her tatt med frå parkeringsplassen og over til sjøve bygget, som i denne forma får meir karakter som ein paviljong enn som eit hus. Her er det ikkje båten som formar inspirasjonen, men den eldgamle forteljngi om landskapet og dei formene menneske til alle tider har sett att, om krafta i vatnet, om ringar i vatnet, om det sirkulære samfunnet, om tidshjul og rundsjå.

Referansane vi har funne spenner frå eldgamle bygde konstruksjonar ut i vatn, med dei 2500

år gamle stolpebygga i Crannog i Skotland, til arkitektane i Snøhetta sitt hotellprosjekt ved Svartisen, og eit moderne utandørs badeanlegg i Danmark. Og som assosiasjon og namn på konseptet, har vi henta fram sya; frå bunaden og smykkekrinet. Kjend frå eldgamletider og høgt skatta frå generasjon til generasjon.


Paviljongen kan tilpassast til mange ulike funksjonar og utforminga kan gå i ulike retningar ved val av materialar og grad av detaljering. Det må tilpassast praktiske løysingar for å få båten inn og ut, system med kran/travers, evt skinner o.l.




Konsept Sye -  
Ein sirkelrund paviljong plassert på Varbødden

Motsett side:  
Fugleperspektiv og snitt som viser ein sirkelforma parkeringsplass med gangakse ned til eit sirkelforma bygg ute på odden. Bygget er her plassert lenger inne på neset, slik at det bare ved høgt vass-stand blir ståande med søylene i vatnet







*Konsept Sje*





*Konsept Sýe*





Referansar  
klyngetun fleirbruk





## KLYNGETUN MED FLEIRBRUK

- Alders-/Omsorgs-/Overgangsbustadar
- Pendlarhusrvære i periodar med utrygg is
- Prøvebustadar
- Utleige til fjellturistar

Eit viktig fokus er å leggje tilhøva tilrette for at folk kan bu og leva godt på Møsstrond i framtida. Eit grep for å halde oppe busetjing kunne vera å leggje til rette for bustadar for dei som kanskje ynskjer å flytte frå veglaus gard, gjerne i ei fase der neste generasjon tek over, men som framleis gjerne vil vera del av bygd livet på Møsstrond. For pendlarar ville det også vore ein god ting å hatt ein plass å bu i periodar når isen ikkje er trygg og slik gjer det vanskeleg å koma seg att og fram over vatnet. Dette kunne lagast som eit klyngetun der ein har ein del fellesfunksjonar, men samstundes sine egne einingar. Iden om å bygge prøvebustadar kunne også vore integrert i ei slik løysing. Og i periodar når pendlar-husvera ikkje er bruk, kunne ein også leigd ut delar til fjellturistar.

Ideen er her illustrert som prinsipp inspirert av klyngetunforma, der større og mindre bygg saman dannar ein samla bygningsstruktur og kan vera kombinasjon av private og felles volum og mellomrom. Utforminga bygger vidare på prinsippet frå dei små utleiehyttene vist tidlegare i dokumentet. Vi har testa prinsippet på den vesle høgda like før vegen bikkar ned mot parkeringa på Varland, men bebyggelsen er fleksibel og kan enkelt passast inn andre stader.



*Prinsipp for eit klyngetun med fleksibel bruk*








*Klyngetun med fleirbruk illustrert i volumstudie*







*Illustrasjonen viser ei mogleg plassering, men løysinga er fleksibel og kan tilpassast ulike stader*





*Illustrasjon av eit moderne klyngetun der ein legg tilrette for ein del fellesfunksjonar i kombinasjon med bustadar og utleigeiningar*






FESTE

Illustrasjon av eit moderne klyngetun der ein legg tilrette for ein del fellesfunksjonar i kombinasjon med bustadar og utleigeiningar



# Oppsummering



## INNSPEL OG TEMA TIL VIDARE UTSJEKKING

### Utdrag frå Retningslinjer for Regional plan for Hardangervidda 2019-2035:

"6.2 Hovedtrekk i arealbruk

*Fjell- og fjordbygder – Denne sonen omfatter fjell- og fjordbygder med eksisterende spredt fast bosetting. Innenfor planområdet utgjør bygder langs Totak, Grungevatn og Møsvatn i Vinje kommune, Osa i Ulvik og Reinsnos og Valldalen sør for demningen i Odda kommune denne sonen. Samlet utgjør denne sonen 1,3% av planområdet. Det er ønskelig å styrke disse bygdene med ny bosetting. Næringsutvikling knyttet til tilleggsnæringer som turisme og miljøbasert næring vil øke næringsgrunnlaget og styrke grunnlaget for den faste bosettingen i disse områdene. Retningslinjene legger opp til at kommunene gjennom sin kommunepanlegging selv skal avklare omfang av næring, bosetting og fritidsbygg i denne sonen."*

Ei målsætning med tiltaka ein ynskjer å leggje tilrette for i arbeidet som nå er igang, er at Møsstrand skal vera ei livskraftig bygd der folk kan fortsetja å bu og livnære seg. Stadbunden næring og fast busetjing er hovedoverskriftene.

Vesentleg å få til ei god samhandling mot både reguleringsplanen som nå går i gang for ytre del av Tangen og i

- forvaltningsplanen for Verdsarven, somer under revisjon.

### Infrastruktur

#### • Behov for nye tilgangar til vatnet

- Alle hamneanlegg som blei bygd på 1990-tallet er laga for å dekke vass-standen frå kote 914 og oppover. Flesteparten av desse hamnene kan derfor ikkje brukast ved lågare vass-stand. Moloar og hamner rundt heile Møsvatn må rustast opp for å takle lågare vass-stand. Det må byggast nye ramper og støypast nye vegar ned i vatnet.

- Skilte at hamna på Varland er for fastbuande.

- Tankanlegget på Varland må byggast om med tanke på framtidig låg vass-stand (slange ikkje lang nok idag).

- Merking av skjær (og ljøs i hamner).

- På Mogen turistrytte må varer berast over 100 meter med rullestein og køyrast frå Liset. Nedgang i besøk og tungvind drift. Ny hamn med moloar på Liset og utbetring av vegen til Mogen (for bilar, sykklar og gåande).

- Nytt anløpspunkt for Fjellvåken på Varland? Eit punkt som er meir tilrettelagt for publikum enn slik det er ved Skinnarbu i dag, ved at det t.d. vert etablert ein kiosk eller tilbod om enkel servering. Parkeringsplass for reisande med Fjellvåken mot publikumsbetaling kan også etablerast ved Varland.

- Toalett/ søppelhandtering med tanke på større trafikk.

#### • Straum og fiber

- Nytt straumnnett til Mogen og Argehovd
- Fiber integrert.

#### • Skuterveggar (= sykkel-/turveggar?)

- For veglause gardar er dei interne skuter- og fraktevegane viktige å ruste opp: Kåvesand - Kromvikbrygga (manglar ca. 8 km, må leggast langs vatnet i bjørkeskogen. Vegen må ha ein standard tilsvarande vegen langs Skinevatnet slik at han kan nyttast også når det er snømangel. Ein slik standard er også naudsynt for at anlegget skal halde ei stund framover).

- Opprusting av slepa frå Skinnarbu og til Moger/Argehovd, på austsida av vatnet. ATV veg/slepe frå Slagsvold til Juve/Juvik.

- Opprustning av vegen frå Slagsvold til Argehovd.



- **Formidling - stiar**
  - Møsvasstangen landskapsverneområde kan gjerast meir kjend – men ikkje nødvendigvis mykje meir tilgjengeleg. Styre trafikk. Fortelje om det som finst her.
  - Oppgradere innfallsportane til Møsvatn og Hardangervidda (Varland, Kromviki og Skinnarbj.). Parkering, formidling, velkommen, sitteplassar, utsiktspunkt.
  - Sti inn mot Sandhyl og Nasjonalparken. Formidling og skilting. Mykje historie her

### **Beredskap**

- **Innspel til oppgradering**
  - Ferdigstilte skuterløype for bruk under islegginga og isløysinga.
  - Ruste opp skuterløypa (fleire?)
  - Registrere hjertestarterar: kan plasserast i rom som stend opent på Mogen, grendehuset og hjå Åsmund Løvås. Merkast betre på Varland.
  - Bygg for beredskap – t.d. for bruk ved brann, uver, som ladestasjon. Samlokalisering?

### **Stadunden næring**

- **Reiseliv**
  - Rehabilitering av Mogen turisthytte.
  - Samle under felles ”paraply” hos Visit Rauland?
  - To luftputebåtar i privat eige på Møsvatn. Samarbeid med eigarar og avtale om felles bruk? Tilskot frå kommunen?
  - Transport av folk og varer. Taxibåt/-skuter.
  - Fjellturisme, jakt og fiske som tilrettelagt opplevingsturisme. Tilpassa småskala.
  - **Jordbruk**
    - Tilrettelegge for og halde oppe tradisjonelt jordbruk i framtida.
    - Støtteordningar knytt til kulturlandskap og vedlikehold av bygg.
    - Søke om utvald kulturlandskapsstatus (UKL)
    - Stimuleringsmidlar og hjelp til søknadar og igangsetting.
    - Søke om å koma med inn på Landbrukets verdensarvordning.
    - **Landbrukets verdsarvsatsing**  
Tilskotsordning der jordbruket spelar ein viktig

rolle i eit verdsarvområde – der det er: stor grad av både biologiske og kulturhistoriske verdiar, realistisk å få til langsiktig drift, skjøtsel og vedlikehold, grunneigarar og lokalbefolkning som er positive til dette.

Tiltak som gjevast tilskot kan mellom anna vera restaurering og skjøtsel av areal, istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv.

### **Fast busetjing**

- **Prøvebustadar** - sjekke ut korleis dette kunne innpassast. Utarbeide mulighetsstudie
  - prøvebustadar og
  - på tilgjengelege småbruk
- Bruke som positiv marknadsføring av Vinje på mange måtar.
- **Bustadar**
  - Oppthalde bu-/ driveplikt på alle eksisterande bruk der det er mogeleg.
  - Oppmuntre til å leige ut bustadar.
  - Framtidige bustadtomter. Bevisste planar for å skilje ut tomter for bustadføre mål.
  - Fleire som bur på hyttene sine delar av året. Tilrettelegging for dette?
  - Sjekke ut løysingar for å bygge klyngetunet med fleirbruksfunksjonar kombinert med tilrettelagte bustadeiningar.

## Møsvatn i Verdsarven

Møsvatn var tidlegare eit livskraftig sjølvbergingssamfunn basert på jordbruk, dyrehald, jakt og fiske. Etter neddemminga der eit areal på rundt 30.000 dekar vart sett under vatn sto dei fastbuande att som taparar det store kraft- og industrispelet, mot ein symbolisk kompensasjon. Derfor er det viktig at verdsarvsatsinga kan medverke til å fortelje historia om kva som skjedd då Møsvatn blei regulert, og samtidig vera med på å støtte tiltak som kan sikre fast busetnad og stadbuende næringsutvikling.

### • Publiksbygging på Varbødden med:

- utstilling av skutersamlinga til Jon Neset
- Båten Elida som Sam Eyde bruka er eit viktig objekt i verdsarvshistoria, den er i Jon Håkon Hove si eige no, og kan vera viktig i denne samanhengen.
- utstilling/dokumentasjon av den delen av Verdsarven som berører Møsvatn
- utstilling/informasjon om Møsvatnstangen landskapsverneområde
- Tidlegare utgravingar av området på Varland har resultera i ulike funn som er lagra. Ta kontakt med Oldsaksamlinga for å høyre om dei gamle funna kan stillast ut i den nye bygningsmasse – anten permanent eller som utlån.
- Framlegg om å bygge opp att ny bygningsmasse som er inspirert av dei gamle langhusa.

### • Kvifor heng Møsvatn, landbruk og verdsarven i hop?

Situasjonen til bygda Møsvatn er interessant for historieformidlinga av verdsarven:

- Sam Eide måtte forhalde seg til gardbrukarane rundt Møsvatn.
- Oppdemming av gardar var vesentleg for industrisatsinga.
- Eit langvarig industrieventyr.

Møsvatn er viktig for formidlinga av konsekvensane av industriutbygginga.

Ei levande og vakker, veglaus bygd rundt energiresursen Møsvatn, vil ha stor opplevings- og kunnskapsverdi. Burde vera svært naturleg at Møsvatn kjem inn som del av Landbrukets verdsarvordning.

### Utdrag frå Rapport nr. 16/2022, 1. mars 2022: Landbrukets verdsarvordning og verdsarven Røros bergstad og Circumferensen.

#### ”Landbrukets betydning for verdsarven

5.1 Landskap som historieforteller  
Natur- og kulturhistoriske verdier har betydning for hvordan vi forstår våre egne og andres erfaringer og opplevelser. Slike verdier har betydning også for forvaltning og formidling av og om landskap. Hvilke historier som blir fortalt om kulturlandskapet og hvilke fortellinger som

blir utelatt kan ha betydning for vår identitet og hvilke verdier som blir verdsatt. Det er flere måter å forstå virkeligheten og verden på og flere tolkninger av historiske hendelser. Dette er også noe vi i forvaltningen må være bevisst på, slik at vi får en mest mulig rikkholdig historiefortelling.”

#### Innspela er henta frå:

- Retningsliner for Regional plan for Hardangervidda 2019-2035
- Reportasje i Telemarksavisa 14.09.2022 frå folkemøtet der temaet var praktisering av manøvrerings-reglementet for Møsvatn
- Innspel frå Herdis Lien: 2006
- Referat frå bygdemøte på Møsvatn 17.02.2022
- Brev til møsvatningane frå Vinje kommune februar 2022
- Innspel til reguleringsplan- og utviklingsarbeid 25.05.2022
- Frå Anne Gro og Åsmund Løvås, 25.05.2022
- Grunneigarar på Tangen
- Brev frå Vinje kommune til fylkeskommunen (Kjell til Christine Hermansen) 13.08.2021
- Vinje kommune, v/landbruksrådgjevar Thor Christensen
- Vinje kommune, v/Kjell Christensen
- Landbrukets verdsarvordning, rapport nr. 16/2022